

Aek.nr. 412.5 Torsk

5001 Bergen, 25.11.1981  
LG/THH

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

J. 151/81

REGULERING AV TRÅLFISKET ETTER TORSK OG HYSE NORD FOR 62°N.BR.  
I 1982. REGISTRERING FOR DELTAKING I FISKET.

Alle som skal delta i trålfisket etter torsk og hyse nord for 62° n.br. i 1982, må registrere vedkomande fartøy hos Fiskeridirektøren.

Det vedlagte søknadsskjema om registrering må innsendast i utfylt stand innan 10. desember 1981.

Registreringa gjeld alle fartøy som skal delta i trålfisket etter torsk og hyse nord for 62° n.br. i 1982, også fartøy som skal drive trålfiske berre ein kortare periode.

Pålegget om registrering gjeld ikkje fartøy som fiskar torsk og hyse nord for 62° n.br. berre som bifangst i anna trålfiske.

Søknadsskjema kan ein få hos fiskerisjefane, Fiskebåtredernes Forbund, Norske Trållerrederiets Forening, Sogn og Fjordane Fiskesalslag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Norges Råfisklag og Fiskeridirektøren.

-----